



EID KOMMUNE

Utsett skulestart

Barn skal som hovudregel byrje på skolen det kalenderåret dei fyller 6 år (jf. § 2-1 i opplæringslova).

(...) Grunnskoleopplæringa skal til vanleg ta til det kalenderåret barnet fyller 6 år. Dersom det etter sakkunnig vurdering er tvil om barnet er komme tilstrekkeleg langt i utviklinga si til å starte i skolen, har barnet rett til å utsetje skulestarten eitt år dersom foreldra krev det. Etter sakkunnig vurdering og med skriftleg samtykke frå foreldra kan kommunen i særlege tilfelle vedta å utsetje skulestarten eitt år. Dersom foreldra søker om det eller samtykkjer, kan kommunen etter sakkunnig vurdering la eit barn ta til på skolen eitt år før når det innan 1. april har fylt 5 år. (...)

Utsett skulestart

Dersom du/de meiner at barnet ditt/dykkar har behov for et ekstra mogningsår før skulestart, er det mogleg å søkje om dette. **Søknad om utsett skulestart bør sendast i løpet av hausten året før ordinær skulestart** av omsyn til barnet og for å sikre rimeleg tid til sakshandsaming. Søknaden bør uansett sendast i god tid før 1. mars (søknadsfrist for hovudopptak i barnehagane), slik at foreldre i god tid kan avklare/søkje eventuell barnehageplass for barnet komande barnehageår.

Skriftleg søknad skal sendast til:

Eid kommune
v/ kommunalsjef for oppvekst
Rådhusvegen 11
6770 Nordfjordeid

Kommunalsjefen vil be Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) om å gjere ei sakkunnig vurdering. Dersom det er tvil om barnet har kome tilstrekkeleg langt i si utvikling til å byrje i skulen, har barnet rett til utsett skulestart. Dette står i opplæringslova § 2-1.

Kommunalsjefen fattar vedtak når den sakkunnige vurderinga ligg føre

Harald Sivertsen
Kommunalsjef